

# G-MOM-40

## Objekt:

Mjølkespann

## Type objekt:

Mjølkespann fra bruk 7



## Historie:

Mjølkespannet var eit svært viktig objekt på gardane i etterkrigstiden. Nummeret på spannet viser at dette tilhøyrer bruk 7. Bruk nr.7 vart skilt fra bruk nr.1 på Mongstad i 1894 og hadde ei sentral plassering med Mongstadvågen mot vest og Rotevika/ Fensfjorden mot aust.

Eigaren var Ivar Ivarson Mongstad f 1869 Ivar I Mongstad dreiv gardsbruk nr. 7 fram til 1942 då dottera Borgny og mannen Nils Steine overtok garden. Det er desse som brukte spannet til levering av mjølk fra garden.

Mjølka gjekk til lokalt meieri fra starten, men etter kvart vart det til sentrale meieri som på seim.Mjølka var levert på mjølkerampen og henta med mjølkebil som levert tilbake tomspann. Det var ikkje alltid dei var tomme forresten . Smør ,ost eller skummamjølke kunne vera i spannet og vart trekt frå mjølkepengane. Men iblant var det ein konvolutt med oppjeret for levert mjølk,lønningsdag. Mjølkerampen var den tida si Facebook kan ein tenkja seg. Nyhende som ikkje var avisstoff kunne ein få her. Sjåføren på mjølkebilen viste mykje og alle som møtte opp for leverin hadde ting på hjarte slik at alle vart informert om liv og lagnad i bygda og omlandet



**Mongstad Museet**

